



Kyrkjeverte Erlingur Nielsson og dei tilsette i kyrkja vert no samla i nye kyrkjekontor på Valen.

Tysdag 20. september kl. 16.00 vert det opning av nytt kyrkjekontor ved Valen kyrkje. Etter ein kort økt med talar vert det kaffi og kake for å feira dagen. Så vert det ope hus til kl. 18 for alle som vil sjå det nye bygget.

Det nye kontoret vert eit felles kontor for heile kommunen. Til no har kyrkja hatt fleire kontor, eitt kyrkjekontor i Rosendal, eitt i Valen kyrkje, som vart sett opp som eitt mellombels kontor etter vasslekkasjen i Aksens, i tillegg til at kyrkjeverte har hatt kontor på Rådhuset i Rosendal. Det er ikkje så lenge sidan kyrkjekontoret på Halsnøy vart slått saman med kontoret på Husnes og viss ein går litt lengjer tilbake i tid kunne ein òg finna kontor på Hatlestrand.

Med eitt felles kontor vil ein oppnå større effektivitet og eit betre arbeidsmiljø, både fagleg og kollegialt. Det er Fellesrådets sin målsetning at administrasjonen skal verta så liten som mogleg og at tenesta til innbyggjarane ute i sokna i kommunen skal verta endå betre. Kyrkjekontoret vil i framtida disponera kontor på Rådhuset i Rosendal der prestane kan t.d. avtale å møta folk til samtale. Vi vil halda fram med å pussa opp fleire sakristi i kyrkjene våre slik at dei òg vert tenelege plassar til samtale, møte m.m.

Det var Teigen bygg som var entreprenør. Arealet er rundt 250 kvadratmeter og kostnaden ved bygget kom på dryge 4 millionar, eks mva.

Velkomen til kaffi, kakar og drøs. Håpar de har høve til å koma

Med venleg helsing

Erlingur Nielsson
Kyrkjeverte

Foto og nett: Thor Inge Døssland.